

UTDANNINGSSTØTTA 2024

Tal og fakta om Lånekassens kunder og ordninger



Foto: Karianne Nygård, Lånekassen

Innhald

1	Hovudtal	4
1.1	Over 1,2 millionar nordmenn er kundar i Lånekassen	4
1.2	Utbetaler 40 milliardar kroner i stipend og lån i år	5
1.3	Flest får støtte til høgare utdanning, men fagskole veks	6
1.4	Flest studentar i 20-åra som får studiestøtte	6
1.5	Det blir stadig fleire eldre studentar	7
1.6	Ni av ti studerer på fulltid	8
1.7	Nokre færre studentar får barn	9
1.8	Utvikling i basislån over tid	10
1.9	Éin av fire har inntekt eller formue over grensene	11
2	Utdanning i utlandet	13
2.1	Færre tar heile graden sin i utlandet, fleire tar utveksling	13
2.2	Færre studerer i Storbritannia	14
2.3	Medisin og økonomi på topp blant gradsstudentane	16
3	Gjeld og tilbakebetaling	17
3.1	Gjennomsnittsgjelda har auka gradvis, men gjekk litt ned i fjor	17
3.2	Høgare gjeld etter utdanning i utlandet	18
3.3	Fleire avsluttar med høgare gjeld	19
3.4	Fleire avsluttar med over 1 million i studiegjeld	20
3.5	Éin av fire utsette rekninga	21
3.6	Fleire purringar, men få får varige betalingsproblem	22

Innleiing

Norsk samfunn og arbeidsliv står i dag overfor eit stort kompetansebehov – det er mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse. Det er forventat at behovet vil auke kraftig framover. Det grøne skiftet, teknologisk utvikling og kunstig intelligens, demografiske forhold og geopolitisk uro skaper nye omstillingsbehov og auka endringstakt.

Lånekassen er eit viktig verkemiddel for å bidra til at individ og samfunn får relevant kompetanse. Studiestøtte frå Lånekassen skal bidra til å gjere det økonomisk mogleg for den enkelte å ta den utdanninga dei ønsker å ta, eller fylle på med den kompetansen dei treng.

1,2 millionar nordmenn har i dag eit aktivt forhold til Lånekassen – det vil seie at dei enten får studiestøtte, eller dei er tilbakebetalarar og betaler ned på studielånet sitt. Nær ein tredjedel av kundane er elevar og studentar, som samla får nesten 40 milliardar kroner i stipend og lån dette studieåret. Kven er dei? Kva studerer dei? Kor mykje studerer dei? Har dei barn? Kor mykje gjeld får dei? Kor mange tar utdanning i utlandet?

Kva med dei nesten 800 000 kundane som betaler ned på studielånet sitt – korleis går det med dei? Det siste året har vore prega av høge renter og auka prisar – korleis påverkar dette Lånekassens kundar? Korleis er bruken av betalingsutsetting? Kor stort er misleghaldet?

Utdanningsstøtta 2024 inneheld Lånekassens nøkkeltal for kalenderåret 2023 og for studieåret 2023–2024. Kapittel 1 presenterer hovudtal, kapittel 2 presenterer trendar og utvikling for utdanning i utlandet, og i kapittel 3 blir nøkkeltal for gjeld og tilbakebetaling presentert. *Utdanningsstøtta 2024* inneheld statistikk om Lånekassen sine kundar. Dei som studerer utan lån og stipend frå Lånekassen, er ikkje med i tala.

Lånekassen, juni 2024

1 Hovudtal


1.1 Over 1,2 millionar nordmenn er kundar i Lånekassen

I overkant av 1,2 millionar nordmenn er kundar i Lånekassen, enten ved at dei får studiestøtte eller at dei betaler ned på studielånet sitt. Dette utgjør 22 prosent av alle som er busett i Noreg.¹ Antal kundar fortset å vekse, men veksten frå år til år er noko mindre enn tidlegare.

432 000 elevar, studentar og lærlingar får studieåret 2023–2024 støtte frå Lånekassen. Av desse tar 223 000 studentar høgare utdanning eller fagskoleutdanning i Noreg eller utlandet, 174 700 er elevar eller lærlingar i vidaregåande opplæring, 8 000 studerer ved ein folkehøgskole, bibelskole o.l, og 25 900 er vaksne i vidaregåande opplæring eller grunnskole.

790 000 personar betaler på studielånet sitt no. Dette tilsvarer 65 prosent av alle kundane. Det har vore ein auke i tilbakebetalargar dei siste ti åra.

Figur 1 Figuren viser utviklinga i antal kundar totalt i Lånekassen og antal tilbakebetalargar, siste ti år.



¹Folketalet i Noreg per 1. kvartal 2024: 5 562 363 (kjelde: [Befolkning – SSB](#)).


1.2 Utbetaler 40 milliardar kroner i stipend og lån i år

Lånekassen utbetaler til saman 39,9 milliardar kroner til elevar og studentar studieåret 2023–2024. Beløpet har stige for kvart år, men gjekk noko meir opp frå førre studieår til i år – mykje grunna høgare prisjustering enn i åra før (prisjustering på 7 prosent i 2023). I fjor utbetalte Lånekassen 37,9 milliardar kroner i studiestøtte. Alle beløpa er i løpande kroner.

I pandemiperioden blei studentar som opplevde tapt arbeidsinntekt som følge av pandemien tilbydde eit tilleggslån, som bidrog til ein ekstra vekst i utbetalt støttebeløp i denne perioden (studieåret 2019–2020 og 2020–2021). Utbetalt beløp flatar ut frå 2021–2022 når det ikkje lenger er aktuelt å tilby eit slikt tilleggslån.


Lånekassen har sidan opprettinga i 1947 utbetalt til saman 720 milliardar kroner i løpande kroner, som tilsvarer 1 138 milliardar kroner med dagens kroneverdi.

Figur 2 Figuren viser årleg utbetalt beløp i stipend og lån i milliardar kroner i løpande kroner, siste ti år.



70 prosent av beløpet Lånekassen tildeler i stipend og lån i år går til studentar i høgare utdanning i Noreg (27,8 milliardar kroner), 9 prosent av beløpet går til norske gradsstudentar i utlandet (3,6 milliardar kroner), vaksne i grunnskole eller vidaregåande opplæring får 7 prosent av det totale støttebeløpet (2,8 milliardar kroner), elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring får 6 prosent av samla støtte (2,5 milliardar kroner), 5 prosent blir tildelt fagskolestudentar (2,1 milliardar kroner) og 3 prosent blir tildelt studentar på folkehøgskole m.m. (1,1 milliardar kroner).

Figur 3 Figuren viser utbetalt stipend og lån, andel per utdanningstype, studieåret 2023–2024.²



1.3 Flest får støtte til høgare utdanning, men fagskole veks

Det har dei siste tiåra vore ein jamn vekst i antal studentar som får støtte frå Lånekassen til høgare utdanning ved universitet eller høyskole, og dei fleste som får studiestøtte, tar høgare utdanning. Veksten fortsette gjennom pandemiåra, og i 2021–2022 fekk 196 000 studentar støtte frå Lånekassen til høgare utdanning – det høgaste hittil. Dei siste to åra har antalet gått litt ned. I år får 193 300 studentar støtte frå Lånekassen til høgare utdanning, mot 195 000 studentar i fjor.

Fleire vel å søke om studiestøtte til fagskoleutdanning. 15 400 studentar får dette studieåret støtte frå Lånekassen til fagskoleutdanning. For ti år sidan var antalet fagskolestudentar med støtte frå Lånekassen 8 900. Veksten i antal fagskolestudentar kan sjåast i samanheng med at det har vore satsa på å utvikle og utvide fagskoletilboda.³

1.4 Flest studentar i 20-åra som får studiestøtte

Fleirtalet av dei som tar høgare utdanning, søker om og får støtte frå Lånekassen. Dette gjeld for 65 prosent av alle registrerte studentar i høgare utdanning i 2023–2024.⁴

Andelen som studerer med støtte frå Lånekassen er høgast blant studentar i 20-åra. Av alle studentar i høgare utdanning i 2023–2024, er 148 400 studentar under 25 år. Av desse får 125 000 – 84 prosent – stipend og lån frå Lånekassen.


² Kategorien «Gradsutdanning i utlandet» i figuren inkluderer også studentar som tar lengre språkkurs, og dessutan videregående og fagskoleutdanning i Norden.

³ Kjelde: [Fagskolene skal bli bedre rustet til å møte arbeidslivets behov - regjeringen.no, januar 2023](https://www.regjeringen.no/januar-2023/fagskolene-skal-bli-bedre-rustet-til-a-mote-arbeidslivets-behov).

⁴ Antal registrerte studentar i høgare utdanning er henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH).

Jo eldre studentane blir, dess vanlegare blir det å studere utan støtte frå Lånekassen. 40 500 personar over 40 år er registrerte som studentar dette studieåret, av desse får 8 000 studentar – 20 prosent – støtte frå Lånekassen.

Figur 4 Figuren viser antal registrerte studentar i høgare utdanning og antal studentar som får støtte frå Lånekassen, fordelt på alder, studieåret 2023–2024.⁵




Av studentar som tar fagskoleutdanning, har 52 prosent støtte frå Lånekassen. Meir enn halvparten av fagskolestudentane er over 30 år, noko som kan forklare at færre fagskolestudentar enn studentar i høgare utdanning har støtte. Men også blant fagskolestudentane er andelen med støtte høgast blant dei yngste. Av dei over 40 år som tar fagskoleutdanning, har 31 prosent støtte frå Lånekassen.

1.5 Det blir stadig fleire eldre studentar

Det blir stadig fleire studentar over 30 år. I dag får 34 600 studentar over 30 år støtte frå Lånekassen, mot 23 900 i 2014–2015. Dette tilsvarer ein auke på 45 prosent. Til samanlikning har antal studentar under 25 år auka med 9 prosent i same periode.

⁵ Antal registrerte studentar i høgare utdanning er henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH).

Figur 5 Figuren viser antal studentar i høgare utdanning og fagskole over 30 år fordelt på aldersgrupper, siste ti år.



Fleire fagskoletilbod, kor det er fleire eldre studentar, og ei satsing på læring gjennom heile livet, kan vere forklaringar på at det blir fleire eldre studentar.

Det har dei siste åra komme fleire moglegheiter for vaksne til å få støtte frå Lånekassen, som auka moglegheita for støtte til deltidsutdanning og tilleggslån til studentar over 30 år. Tilleggslån for studentar over 30 år blei innført frå hausten 2020. Studieåret 2023–2024 får 22 300 studentar dette lånet, mot 15 300 i 2020–2021. 64 prosent av studentar over 30 år vel å ta opp tilleggslån.

For å gjere det enda enklare å ta utdanning i vaksen alder, jobbar Lånekassen med ei ny låneordning for vaksne i arbeid. Det blir tatt sikte på at denne ordninga kjem i 2025. Låneordninga vil gjere det enklare å ta kort og fleksibel utdanning ved sida av jobb.

1.6 Ni av ti studerer på fulltid

Ni av ti studentar som får støtte frå Lånekassen, studerer på fulltid. Dette gjeld 183 700 av totalt 208 600 studentar i høgare utdanning og fagskole.

Dei aller fleste som tar høgare utdanning, studerer på fulltid, medan nesten halvparten av fagskolestudentane studerer på deltid.

24 800 studerer dette året på deltid. Det har vore ein liten auke i andelen deltidsstudentar dei siste åra – frå 9,5 prosent i 2014–2015 til 11,9 prosent i 2023–2024. Dei aller fleste


deltidsstudentane, litt over halvparten, studerer 50 prosent. To av tre deltidsstudentar er over 30 år.

Frå hausten 2020 har Lånekassen også gitt støtte til deltid lågare enn 50 prosent – fram til då var kravet at utdanninga måtte vere minst 50 prosent deltid. Frå hausten 2021 blei det ytterlegare betre vilkår for å få støtte som deltidsstudent, då det ikkje er antal år med støtte, men antal studiepoeng som set rammene for kor lenge ein kan få støtte.

1.7 Nokre færre studentar får barn

Studentar som får barn under utdanninga, har rett til foreldrestipend. Antal studentar som får barn og dermed foreldrestipend medan dei studerer, auka jamt i perioden 2013–2016, men gjekk deretter ned dei neste åra. Dei to siste åra har det igjen vore ein liten stigning. 3 200 studentar fekk barn i 2015–2016, då det var på sitt hittil høgaste. Til samanlikning fekk 2 200 studentar barn i 2020–2021, medan 2 400 studentar fekk barn i studieåret 2022–2023 (som er det siste året vi har endelege tal på foreldrestipend for).


Figur 6 Figuren viser antal studentar i høgare utdanning og fagskole med foreldrestipend, for perioden 2013–2023.



Eit anna stipend studentar med barn kan få, er barnestipend. Til forskjell frå foreldrestipend, blir ikkje barnestipend gitt i forbindelse med fødsel eller adopsjon, men til studentar som har barn under 16 år. Andelen studentar som har barn har vore stabil dei siste ti åra. I studieåret 2023–2024 har 11,6 prosent av studentane i høgare utdanning og fagskole barn, i 2014–2015 hadde 12,8 prosent av studentane barn.

Det er ein større andel fagskolestudentar enn studentar i høgare utdanning som har barn, noko som kan ha samanheng med at ein større andel av fagskolestudentane er over 30 år. Medan 10 prosent av alle som får støtte til høgare utdanning i år har barn, har 32 prosent i fagskoleutdanning det. Andelen studentar på fagskole som har barn har auka jamt dei siste ti åra, medan den har gått noko ned for studentar i høgare utdanning. I 2014–2015 var andelen fagskolestudentar med barn 21,8 prosent, medan den i høgare utdanning var 12,3 prosent.

Figur 7 Figuren viser andelen studentar i høgare utdanning og fagskoleutdanning som har barn, siste ti år.



1.8 Utvikling i basislån over tid

Alle studentar kan få basislån frå Lånekassen. Studieåret 2023–2024 er basislånet på 137 907 kroner. Studentar som ikkje bur saman med foreldra sine kan få inntil 40 prosent av dette lånet gjort om til stipend, føresett at dei ikkje har inntekt eller formue over grensene og at dei består utdanninga si.⁶


Basislånet blir justert kvart år etter forventa konsumprisindeks (KPI).

I perioden juni 2017 til juni 2020 skjedde ei gradvis opptopping til elleve månader med studiestøtte, som gjorde at beløpet per studieår auka meir enn veksten i KPI i denne perioden. I dei seinare åra har prisveksten blitt høgare enn forventa. Målt i 2023-kroner er det derfor ein nedgang i basislånet i 2022–2023. Ei justering av basislånet med 7 prosent i 2023 bidrar til å snu utviklinga.

⁶ Studentar har også rett på andre typar stipend og lån frå Lånekassen. [På Lånekassen sine nettsider finn ein full oversikt over desse.](#)

Målt i forhold til utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda (G), er det ein auke i nivået på studiestøtta i løpet av dei siste ti åra. I 2014-2015 svarte basislånet til 1,10 G, medan det i 2023-2024 er på 1,16 G.

Figur 8 Figuren viser utvikling i basislån i løpande kroner og i 2023-kroner, og utvikling i basislån uttrykt i grunnbeløpet i folketrygda(G), siste ti år.



1.9 Éin av fire har inntekt eller formue over grensene

Det er vanleg at studentar jobbar ved sida av utdanninga. Ein analyse Lånekassen gjorde av studentar og arbeid i 2019, viste at 86 prosent av studentane i undersøkinga hadde jobb ved sida av utdanninga. Andelen som jobba, var høgast om sommaren, og det var også då studentane jobba mest.⁷

Studentar som får basislån, kan få inntil 40 prosent av basislånet gjort om til stipend. Eit av vilkåra for å få lån gjort om til stipend, er at ein ikkje har hatt inntekt eller formue over fastsette beløpsgrenser – stipendet blir behovsprøvd mot inntekt og formue.⁸ Stipendet blir gradvis redusert ut frå kor høg inntekta eller formuen har vore, som inneber at nokre vil få redusert stipend, medan andre ikkje vil få stipend i det heile tatt.

⁷ Kjelde: [Arbeid ved siden av studiene Omfang av lønnet arbeid blant heltidsstudenter som mottar utdanningsstøtte](#), Lånekassen, 2023.


⁸ [For oversikt over beløpsgrensene for inntekt og formue, sjå lanekassen.no.](#)

I tillegg blir også stipend til studentar med nedsett funksjonsevne, barnestipend og flyktningstipend behovsprøvd mot inntekt og formue.

I 2022, det siste året Lånekassen har inntektsopplysningar frå, fekk 23 prosent av studentane redusert stipend eller mista alle dei behovsprøvde stipenda fordi dei hadde inntekt eller formue over beløpsgrensene. Halvparten av desse mista alle dei behovsprøvde stipenda på grunn av inntekt eller formue over grensene, medan resten fekk redusert stipend. Tala gjeld for studentar i høgare utdanning, fagskole, vidaregåande opplæring for vaksne o.l. samla.

Andelen som mister stipend, har gått opp dei siste ti åra. I 2015 hadde 18 prosent inntekt eller formue over grensene, i 2018 hadde 19,3 prosent det.

Figur 9 Figuren viser andel studentar som har hatt for høg inntekt eller formue, og som dermed får redusert stipend eller mister alle dei behovsprøvde stipenda, i perioden 2014–2022.



2 Utdanning i utlandet

2.1 Færre tar heile graden sin i utlandet, fleire tar utveksling


22 000 nordmenn studerer i utlandet med støtte frå Lånekassen dette studieåret, som er 400 færre enn i fjor. Dette omfattar både gradsstudentar, det vil seie dei som tar heile graden sin i utlandet, og utvekslingsstudentar, som tar delar av graden sin utanlands. Årets tal er det lågaste antalet norske studentar i utlandet sidan 2010–2011, med unntak av koronaåra 2020–2021 og 2021–2022. Til samanlikning studerte 25 400 nordmenn utanlands med støtte frå Lånekassen i «toppåret» 2015–2016.

Det har vore ein nedgang i antal gradsstudentar i utlandet dei siste ti åra. 13 500 studentar får i år støtte til gradsutdanning i utlandet. Dette er det lågaste sidan 2009–2010. I fjor fekk 13 800 norske studentar støtte til gradsutdanning i utlandet, mot 17 500 i 2014–2015 og 2015–2016, då antal norske gradsstudentar i utlandet var på sitt høgaste.

Det er samtidig ein nedgang i antal studentar som *startar* på ein grad i utlandet, samanlikna med før pandemien. I 2023–2024 starta 5 000 studentar på ein grad i utlandet, mot 7 000 i «toppåret» 2015–2016 og 5 700 i 2019–2020, det siste året før pandemien.

Medan det har vore ein nedgang i antal gradsstudentar i utlandet, var det i fjor rekordmange som var på utveksling. Det er nokre færre i år, men nivået er det same – 8 500 nordmenn er på utveksling i år, mot 8 600 i fjor. I 2019–2020, det siste året før koronapandemien braut ut, var 8 300 nordmenn på utveksling.

Figur 10 Figuren viser antal norske studentar i utlandet totalt, og antal gradsstudentar og utvekslingsstudentar, siste ti år.



Det er nok fleire årsaker til at færre vel å ta ein heil grad i utlandet. Pandemi og aukande uro og uvisse i verda, spelar truleg inn når studentane vel kvar dei vil studere. Det er også grunn til å tru at svakare norsk krone også er ein faktor som påverkar studentane når dei tar sine utdanningsval.

2.2 Færre studerer i Storbritannia

Storbritannia er det mest populære landet blant norske utanlandsstudentar (for gradsstudentar og utvekslingsstudentar samla), men trenden med at færre vel å studere i Storbritannia, fortset. I år er det 2 900 norske studentar i Storbritannia, mot 3 300 i fjor og 3 800 året før. Til samanlikning studerte 5 800 nordmenn i Storbritannia for ti år sidan. Nesten alle som studerer i Storbritannia, er gradsstudentar (2 600 i år).


Danmark er tradisjonelt også eit populært land blant norske studentar, og er på andreplass på topplista. Det er likevel nokre færre nordmenn som studerer i Danmark i år enn i fjor – 2 300 studerer der i år, mot 2 500 i fjor. I 2014–2015 studerte 3 000 nordmenn i Danmark. Dei aller fleste som studerer i Danmark, tar ein heil grad.

USA er det tredje mest populære landet å studere i, men landet har opplevd ein nedgang dei siste åra. Nedgangen fortset i år. 2 000 norske studentar har valt seg USA som studieland i år, mot 2 400 i fjor. Dei fleste nordmenn som studerer i USA, er gradsstudentar.

I Australia, som er på fjerdeplass på topplista, er det i år 2 000 norske studentar. Australia er no på same nivå som før pandemien. Som følge av strenge innreiserestriksjonar under pandemien, fall antal norske studentar i Australia, men no vel altså nordmenn igjen å studere «down under». 1 300 av dei som studerer i Australia i år, er på utveksling.

Polen på femteplass har omtrent like mange norske studentar i år som dei siste åra – 1 500 nordmenn tar inneverande studieår utdanning i Polen, og nesten alle tar gradsutdanning. Dei fleste av dei tar medisinutdanning.


Figur 11 Figuren viser mest populære land blant norske studentar i utlandet, inneverande studieår, for fem år sidan og for ti år sidan.



For å stimulere fleire til å studere i land Noreg har definert som strategisk viktige samarbeidsland, blei det frå hausten 2022 innført eit ekstra stipend for norske utvekslingsstudentar i følgande land: Brasil, India, Kina, Japan, Sør-Korea og Sør-Afrika. Frå kommande haust blir denne ordninga utvida til også å gjelde gradsstudentar i desse landa. I 2022-2023 studerte cirka 700 norske studentar i desse seks landa til saman, i år er det cirka 800 norske studentar i desse landa – dei fleste av dei er utvekslingsstudentar. På grunn av nedstenging og reduserte moglegheiter til å ta utveksling i utlandet under pandemien, er det ikkje relevant å samanlikne dei siste års tal med pandemi-åra. Det er også grunn til å tru at pandemieffekten framleis har innverknad på dei seinaste åra.

Det er for tidleg å seie noko om ein eventuell effekt av innføringa av eit ekstra stipend til desse landa.


Figur 12 Figuren viser antalet norske studentar i strategisk viktige land for Noreg, for grads- og utvekslingsstudentar samla, siste to år.



2.3 Medisin og økonomi på topp blant gradsstudentane

Medisin fortset å vere den mest populære utdanninga for norske gradsstudentar, etterfølgt av økonomi og administrasjon, som opplever ein auke i år. 2 900 nordmenn tar medisinutdanning i utlandet i 2023–2024 – som er nokre færre enn, men framleis på same nivå som, dei siste åra. 2 800 norske gradsstudentar tar økonomi og administrasjon, som er nokre fleire enn åra før.

Figur 13 Figuren viser dei mest populære utdanningane for gradsstudentar i utlandet, siste tre år.



For utvekslingsstudentane er naturvitskap og teknologi, og økonomi og administrasjon dei to mest populære studieretningane. 1 900 utvekslingsstudentar tar i år naturvitskap og teknologi, medan 1 800 tar økonomi og administrasjon.


3 Gjeld og tilbakebetaling

3.1 Gjennomsnittsgjelda har auka gradvis, men gjekk litt ned i fjor

Gjennomsnittsgjelda etter avslutta høgare utdanning har auka dei siste ti åra.⁹ Det er fleire forklaringar på det. Det har vore ei utviding frå ti til elleve månader med studiestøtte, og det har komme fleire nye ordningar i Lånekassen, som tilleggslån til studentar over 30 år og ekstraordinære lån i samband med koronapandemien. Dette gir moglegheiter til å få meir i studiestøtte, men det fører også til at gjelda aukar.

I 2023 var gjennomsnittsgjelda for ein nyutdanna student i Noreg og utlandet samla 427 000 kroner. Dette er noko mindre enn året før, då gjennomsnittsgjelda etter fullført høgare utdanning var 432 000 kroner, omrekna til 2023-kroner. Forklaringa på lågare gjennomsnittsgjeld i 2023 enn i 2022 er at prisveksten i 2023 var høgare enn veksten i gjennomsnittsgjeld. I 2013 var gjennomsnittsgjelda på 354 000 kroner.

Figur 14 Figuren viser gjennomsnittsgjeld etter fullført høgare utdanning i 2023-kroner, siste ti år.




⁹ Vi reknar her utdanninga som avslutta når kunden ikkje lenger får støtte til fulltidsutdanning frå Lånekassen.

3.2 Høgare gjeld etter utdanning i utlandet

Utanlandsstudentar ender i snitt med høgare gjeld enn dei som studerer i Noreg. Hovudårsaka er at mange utanlandsstudentar betaler skolepengar.

Medan gjennomsnittsgjelda ved avslutta høgare utdanning for studentar i Noreg i fjor var 409 000 kroner, gjekk utanlandsstudentar i snitt ut med 703 000 kroner i studiegjeld. Gjennomsnittsgjeld for studentar i Noreg var i 2023 på same nivå som i 2022, medan det var ein nedgang for studentar i utlandet (ned frå 722 000 kroner). Tala er omrekna til 2023-kroner.

Figur 15 Figuren viser gjennomsnittsgjeld etter fullført utdanning for studentar i Noreg og utlandet, i 2023-kroner, siste ti år.



Det har vore ein jamn auke i gjennomsnittsgjeld etter utdanning i utlandet dei siste åra. Frå hausten 2017 har utanlandsstudentar kunna låne inntil 100 000 kroner meir til utdanning kor skolepengane er spesielt høge – dette kjem i tillegg til utvida stipend til universitet med høge skolepengar. I tillegg spelar nivået på skolepengar elles og valutakursendringar inn på den totale gjelda for utanlandsstudentar. Frå studieåret 2023–2024 blir ein større andel av skolepengestøtta til studentar utanfor Norden gitt som lån.

Gjennomsnittsgjelda for utanlandsstudentar varierer ut frå kva land dei har studert i. Medan gjennomsnittsgjelda for norske studentar etter avslutta utdanning i Storbritannia i 2023 var 790 000 kroner, var den på 500 000 kroner i Nederland og Tyskland. Studentar i

Storbritannia tar ofte opp lån for å dekke høge skolepengar, medan studentar i Nederland og Tyskland har lågare skolepengeutgifter. Medisinstudentane i Polen, Slovakia og Ungarn ender opp med høgast gjennomsnittsgjeld. Dette skuldast truleg at dei må ta opp lån til å dekke skolepengar gjennom eit 6-årig studieførlop, og dermed studerer lenger i utlandet enn andre studentar. Den høgaste gjelda har dei som har studert i Ungarn, med over 1 million kroner i gjennomsnittsgjeld.

3.3 Fleire avsluttar med høgare gjeld

Andelen studentar som går ut med høgare studiegjeld, aukar. Tala under omfattar alle som avslutta utdanning, uavhengig av utdanningsnivå. Alle tal er justert til 2023-kroner.


Av 106 000 kundar som avslutta utdanning og blei tilbakebetalar i 2023, hadde 32 prosent under 200 000 kroner i studiegjeld. I 2018 var denne delen 35 prosent, og i 2013 var den 42 prosent. Majoriteten av dei som har gjeld under 200 000 kroner har ikkje fått støtte til høgare utdanning.

61 prosent av dei nyutdanna hadde i 2023 under 400 000 kroner i gjeld, mot 67 prosent i 2018 og 74 prosent i 2013.

25 prosent av dei nyutdanna avslutta med mellom 400 000 og 600 000 kroner i studiegjeld, mot 22 prosent i 2018 og 19 prosent i 2013. Blant dei som avslutta høgare utdanning i 2023, var flest i dette gjeldsintervallet (400 000–600 000 kroner).

13 prosent av dei som begynte å betale ned på studielånet sitt i fjor, hadde over 600 000 kroner i studiegjeld. For ti år sidan var denne andelen 7 prosent.

Figur 16 Figuren viser gjeldsfordelinga for alle nye tilbakebetalarar (andel), for 2013, 2018 og 2023. Tala er justerte til 2023-kroner.




3.4 Fleire avsluttar med over 1 million i studiegjeld

Det har dei siste ti åra vore ein vekst i antal studentar som avsluttar utdanningane sine med over 1 million kroner i gjeld. Veksten har minka noko dei siste åra, og går dessutan noko ned frå 2022 til 2023. I 2023 hadde i underkant av 1 500 studentar over 1 million kroner i gjeld då dei gjekk frå å vere student til å bli tilbakebetalar, medan dette gjaldt for litt over 1 600 studentar i 2022 og litt under 1 600 i 2021. For ti år sidan hadde 350 studentar over 1 million i studiegjeld etter avslutta utdanning. Tala for tidlegare år er – på same måte som for gjennomsnittsgjeld – gjort om til 2023-kroner.

Dei fleste som har over 1 million i studielån, har studert i utlandet, men det er samtidig ein auke av studentar med utdanning berre frå Noreg i denne gruppa. I både 2022 og 2023 hadde 71 prosent av dei som gjekk ut med over 1 million i studiegjeld studert i utlandet, mot 76 prosent i 2021 og 82 prosent i 2020. Den største andelen nye tilbakebetalarar med over 1 million i gjeld har studert i Storbritannia og USA.

Figur 17 Figuren viser antal nye tilbakebetalalarar med over 1 million kroner i studielån, siste ti år, i 2023-kroner.



3.5 Éin av fire utsette rekninga

Alle som betaler på studielånet, kan utsette rekninga 36 gonger utan å måtte oppgi grunn. Som eitt av fleire tiltak til Lånekassens kundar under koronapandemien, blei ordninga med betalingsutsetting utvida, og kundane kunne utsette rekningane utan å bruke av den ordinære kvoten. Denne særskilte ordninga blei avslutta 1. januar 2023.


Med utviding av ordninga auka bruken. I 2019, det siste året før pandemien, utsette Lånekassens kundar 833 000 rekningar, medan dei utsette 1,3 millionar rekningar i både 2020 og 2021. I 2022 og 2023 valde kundane å utsette 1,4 millionar rekningar kvart år.

Også antal kundar som utset, har auka frå før pandemien starta. I 2019 utsette 127 000 kundar éin eller fleire rekningar, mot 197 000 i 2022 og 204 000 i 2023. Medan 18 prosent av tilbakebetalalarar nytta moglegheitene til å utsette i 2019, gjorde 26 prosent det i 2023.

2023 var eit år prega av aukande renter og høge prisar på varer og tenester, og det er grunn til å tru at dyrtida er ei viktig forklaring på at fleire har utsett rekninga, også etter at tiltaket med ekstra utsetting blei avvikla. I tillegg er det grunn til å tru at kjennskapen til ordninga har auka.

Tal for første kvartal i 2024 viser at bruken av betalingsutsetting fortset å auke, og er noko høgare enn for same periode i 2023.

Figur 18 Figuren viser antal tilbakebetalalar og antal utsette rekningar, siste ti år.¹⁰



3.6 Fleire purringar, men få får varige betalingsproblem


Kundar som ikkje betaler rekningane og heller ikkje søker om betalingsutsetting, får purring. Etter to purringar blir lånet oppsagt og overført til Statens innkrevjingssentral (SI) for innkrevjing.

Lånekassens tilbakebetalalar har god betalingshistorikk, og mislighald av studielån har gått ned dei siste ti åra. Ei hovudforklaring på dette er innføring av nye ordningar for tilbakebetalalarane i 2014, som månadlege rekningar og avtalegiro. Misleghaldet i Lånekassen har likevel gått noko opp den siste tida – dyrtid med auka prisar og auka renter kan forklare dette, men misleghaldet er framleis lågare enn før pandemien.

Både purringar og oppseiing av studielån seier noko om grad av misleghald. Når det gjeld purringar, er hovudtendensen dei siste ti åra at færre rekningar endar i purring. I 2022, og vidare i 2023, auka antal og andel purringar. Av 7,9 millionar rekningar som blei sendt ut i 2023, resulterte 3,2 prosent av dei i purring. I 2022 var purreandelen 2,8 prosent. Til samanlikning var andelen purringar i 2015, det første heile året med månadleg betaling, på 5,1 prosent. Andelen purringar er no på same nivå som før pandemien (3,3 prosent i 2019).

¹⁰ Sommaren 2014 gjekk Lånekassen over frå kvartalsvise til månadlege rekningar – dette forklarar auken i antal utsette rekningar frå 2014 til 2015. I perioden 2015–2019 auka antalet tilbakebetalalar med rundt 3 prosent kvart år, medan antal utsette rekningar auka med 6 prosent i året.

Figur 19 Figuren viser andelen purringar, siste ti år.




Dersom ei rekning i Lånekassen ikkje er betalt etter to purringar, blir det sendt eit vedtak om oppseiing. I 2013 enda 2,1 prosent av rekningane opp med eit vedtak om oppseiing. I 2023 var denne andelen 0,4 prosent, som er på nivå med 2019.

Også antal og andel studielån som blir sagt opp og overført til SI, har minka dei siste ti åra, men auka i fjor. Ved utgangen av 2022 var 17 600 studielån sagt opp, mot 22 400 ved utgangen av 2023.

2,8 prosent av alle studielån var under oppfølging av SI ved utgangen av 2023, som var ein auke for første gong på ti år. Andelen oppsagde lån er på same nivå som i 2020, og litt lågare enn i 2019 – det siste året før pandemien.

Figur 20 Figuren viser andelen oppsagde studielån, siste ti år.



Lånekassen har sett på kva som kjenneteiknar dei som får studielånet sitt sagt opp og overført til SI. Analysen viser blant anna at mange av dei som ikkje greier å betene gjelda si, i større grad har fått støtte til utdanning på grunnskole eller vidaregåande nivå, og dei har relativt låge studielån ved avslutta utdanning. Mange av desse kundane har svært låg inntekt og manglar tilknytning til arbeidslivet, og får problem med å betene gjelda si.¹¹

¹¹ Kjelde: [Misleghald av studiegjeld Kjenneteikn ved lånekassekundar som får studielånet sitt oppsagt](#), Lånekassen 2022.